Blad i postabonnement

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1262
5943 Austrheim




NR. 2 -2018 - 47 ÅRGANG - NYTT STOFF INNAN 6. MARS. 2018



# KYRKJEBAKKEN

*Informasjonsblad for Austrheim sokn*



## KYRKJESKYSS

**Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?**

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90


## Austrheim Kyrkjelyd

**Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim**
**Tlf. 56 16 72 90**
E-post: kyrkjekontoret@austrheim.sokn.no
www.austrheimkyrkja.no

**Kontortider:**
Sokneprest: Trefftid etter avtale
Kyrkjeverje:

**Bustadtelefonar:**

| | |
|---|---|
| Sokneprest Per Børge Hillestad | 93 44 29 19 |
| Kyrkjeverje Leif Arne Økland | 40 06 52 31 |
| Organist og kyrkjelydspedagog Jostein Hauge | 40 46 62 11 |
| Kyrkjetenar Gry Haukeland | 41 30 85 58 |
| Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn | 41 66 26 10 |



KYRKJEBAKKEN
*Informasjonsblad for Austrheim sokn*

**Redaksjonen**

| | |
|---|---|
| Utgjevar: | Austrheim sokneråd |
| Redaktør: | Svein T Villanger, |
| Redaksjon: | Jorunn Kårdal. |
| Bankgiro: | 3490.07.04196 |
| E-post: | kyrkjeba@online.no |
| Adresse: | 5943 Austrheim |
| Trykk og Design | Trykk-Service as |




# Gudstenester
I AUSTRHEIM SOKN

**25.02 kl 11.00**
Gudsteneste ved Per Børge Hillestad

**09.03 kl 18.00**
Gudsteneste for alle

**11.03 kl 11.00**
Gudsteneste ved Per Børge Hillestad

**29.03 kl 19.00 -Skjærtorsdag**
Gudsteneste ved Per Børge Hillestad

**01.04 kl 11.00 – Påskedag**
Gudsteneste ved Per Børge Hillestad

## Andre arrangement

**05.03 kl.11.00**
Babylunsj på kyrkjelydshuset

**07.03 kl.19.00**
Årsmøte og inspirasjonssamling på kyrkjelydshuset

**19.03 kl 11.00**
Babylunsj på kyrkjelydshuset




## Dei tunge stega

«Ikkje visste eg at stega bak ei båre var så tunge.» Desse orda høyrde eg ein gong av ei enkje. Eg trur det er ord somme kan kjenne seg att i. Der sorga tyngjer går alt så langsamt. Livet stoggar opp. Alt vert som i ein draum.
Eit skoddeland. I sorga treng me tid.

Salmediktaren Svein Ellingsen skriv slik om sorga i ein av sine tekstar: «Alt ble med ett så stille livet er helt forandret. Døden har banket på vår dør og sorgen har fylt hvert rom.» Det er meir enn ei kjensle dette at dei indre romma er fylt av sorg. Det er røyndom. Livet vert ikkje lenger heilt som før. Det er verkelege tap. Tap me må læra å leva med. Tap som vert ein del av oss sjølve. Livet sjølv vert forandra.



## Dei nye stega.

Å leva med sorg er mogeleg. Trua på at livet kan gå vidare sjølv der sorga vert ein del av livsvandringa, det er ei god tru. Men det treng tolmod og tid. For somme kan det ta år. Ein sommar for nokre år sidan stod eg ved ei grav på ein gravstad i utlandet. På grava stod det: «Der Glaube tröstet wo die Liebe weint.» Det tyder om lag –
«trua trøystar der kjærleiken gret.»
Eg har bore med meg denne strofa sidan eg las henne. Det er ei djup sanning i dette at trua trøystar sjølv der kjærleiken gret. I tru har mange lært seg å ta nye steg i livet, frå sorg til von der livet stogga opp. Tru og von er spira til nytt liv. Dei nye stega ut i livet vart steg boren av tru. Trua tek nok ikkje bort sorga, men gjev livsmot til å leva vidare.

## Dødskuggens dal

Bibelen sin bodskap om Jesu oppstode frå dei døde er ei kjelde til von for oss menneske som vandrar i dødsskuggens dal. Ein bodskap om at vi i trua har del i den same oppstoda som Jesus.
I Bibelen møter vi òg ei historie om Lasarus som vert oppreist frå døden og kalla ut or grava. Jesus vekkjer Lasarus opp frå dei døde. Bodskapen her er så langt frå våre røynsler og vår røyndom at ho ikkje kan gje oss det minste von om noko liknande. Slikt skjer ikkje sjølv om millionar av menneske har bedt og trygla om å få oppleva å få sine døde attende. Men Lasarus fekk sanna Jesu makt, og han fekk gå nye, løyste steg før han igjen – ei tid seinare – måtte leggjast i grava på ny. Det var ikkje himmelen Lasarus kom attende til. Det var dette livet i dødsskuggens land. Men det er eit streif av ljos – som når like til oss – også frå Lasarus si grav. Det vitnar om kven Jesus er, dødens overvinnar. Og Jesu tome grav gjev verkeleg von til oss om at me skal få gå dei løyste stega på ei ny jord, der alle ting er gjort nye. Der skal ingen meir gå dei tunge stega bak ei båre. Dette er sjølve hjartet i den kristne trua, og difor kan Svein Ellingsen skriva som sitt siste vers i same salme: «Du som er trøstens kilde la oss få tro i sorgen: tro at vi alltid er hos deg, vår Herre i liv og død.»

*Per Børge Hillestad*
*Sokneprest*



# Kyrkjebøkene i Austrheim





## Døypte

14.januar:
Felix Zachariassen Landa
Alina Hedstrøm Ytre-Hauge
Uno-Andre Bruaas

11.februar:
Martine Fenne
Samuel Dale Bjørsvik

## Gravlagde

| | | |
|---|---|---|
| 10. januar: | Kristine Oline Soldal | f. 1919 |
| 16. januar: | Reidulf Ole Reksten | f. 1938 |
| 25. januar: | Vivian Lundal | f. 1967 |
| 26. januar: | Magnhild Anny Solheim | f. 1933 |
| 26. januar: | Willy Løberg | f. 1941 |

## Hjarteleg takk

for all omtanke, blomsterhelsingar og deltaking ved min kjære mann og far/svigerfar Willy Løberg sin bortgang og begravelse.

Takk også for pengegaver til Parkinson foreningen.

Ein stor takk til Janne Berger for nydelig sang og ein spesiell takk til prest Rune Minde som var med oss denne dagen.

***Helsing Laila med familie.***

## Hjarteleg takk

Hjarteleg takk til diakoninemda for rosa eg fekk til dagen min.

***Helsing Hilborg Ånneland***



# Utgjevingsplan Kyrkjebakken 2018

| | LEVERINGSFRIST | KB KJEM UT |
|---|---|---|
| Nr. 03/18 | 06. mars | 22. mars |
| Nr. 04/18 | 10. april | 26. april |
| Nr. 05/18 | 15. mai | 31. mai |



## Hjarteleg takk

For varm medkjensle og blomster ved vår kjære mor, svigermor, bestemor og oldemor, Kristine Soldals bortgang og gravferd.

Til Per Børge, Lisbeth og Jostein for gode ord og vakker song og musikk ved ei fin og verdig stund i kyrkja

Til Heimesjukepleien og Nordliheimen for tilsyn og varm omsorg gjennom mange år.
For pengegåver som vart gjeven til Årås Bedehus.

***Helsing Bjørn og Øystein m/familiar.***




## ÅRÅS SANITETSFORENING V/STIFTELSEN FURULY ELDRESENTER

**Furuly eldresenter har 12 leiligheter til utleige.**

For tida er det ingen ledige, men er du interessert i å stå på venteliste kan du ta kontakt med leiar i stiftelsen

Asbjørg Lohne.
Tlf: 91807436/56169382.

**Kriteriar for å leige leilighet i Furuly er:**

Vere innbyggjar i Austrheim kommune

Alder 60 +

Vere sjølvhjelpen med daglege gjeremål



# VINNERE AV AUSTRHEIM ROTARY SITT JULELOTTERI TIL INNTEKT FOR 50.000 HAPPY BIRTHDAYS

## Rotary Austrheim Rotaryklubb

**Gavekort Bergen Helg kr. 3000**
Sissel Venke Skjerven Rebnord

**Gavekort Kilstraumen kr. 800**
Alice og Jardar Lervåg

**Pinneside**
Fam. Lars Even Mongstad

**Pinneside**
Arvid Halvorsen

**Fenalår**
Fam. Erling Walderhaug

**Fenalår**
Linda Rosnes

**Fenalår**
Frode Hopland

**Fenalår**
Jo Lennart Rosnes

**Fenalår**
Frode Hopland

**Fenalår**
Elfrid Gaulen




***Takk til alle som støttet lotteriet!***
***Vi ønsker nye og gamle medlemmer velkomne.***



# Min salme

**Ein fin liten blome, ein svensk salme, oversatt av Anders Hovden i 1927. Muligens mest kjent gjennom Bjørn Eidsvåg.**

Gjennom heile livet mitt har eg vert glad i å syngje, var med i barnesonglaget då eg var liten, me song ein del på barne-syforeningen, Yngres og ikkje minst i Helgaljod og i dag i Austrheim songlag. Mange av desse aktivitetane foregjekk i kyrkja og på bedehuset.

Eg kjenner i dag ei ro og ein god følelse når eg er i kyrkja og kan syngje fine salmar. Ein fin liten blome er ein av desse salmane som har fylgt meg opp igjennom livet ,sunge i ulike hendingar i livet mitt ,den minner meg om menneske som har betydd mykje for meg i livet .Det at eg har møtt Bjørn Eidsvåg, og har delt sigarettpapir med han, kan også vere ein medverkande årsak til at eg liker denne sangen så godt. Det var nok melodien i denne salmen som var viktigast i yngre alder, men etter kvart er det teksten eg har reflektert meir over, og barnetrua mi, ; Er det verkeleg noko som er større enn oss menneske, som passar på meg og som ser meg i vanskelege stunder, som er til stades i livet mitt, dersom eg tillèt det? Eller er det eit ønske om at det skal vere slik?



I jobben min, som sjukepleiar, kjem eg av og til opp i situasjonar der pasienten opplever ein kamp mellom tru og tvil, der menneske med ei sterk tru vert utfordra i trua si, dei føler seg aleine og redd i ei vanskeleg tid. Mange kan då finne trøyst i samtale og nokre brukar gjerne linjer frå ein song/salme dei har kjær som utgangspunkt for samtale om det ein ber på . Denne salmen har vert brukt ved fleire anledningar.

Det er eit privilegium å få vere med å oppleve den effekten det skrivne ord kan ha, anten ein les det for seg sjølv eller samtaler med andre om det.
Eg håpar og trur at alle har ein song som betyr noko spesielt for den enkelte, ein song ein kan ta fram i ulike situasjoner i livet, og som gir ein god følelse.

***Takk for meg***
***Monika Thorpe***




# Symbolsk namneflytting

**Kanskje du har lagt merke til at nokre av gravsteinane på kyrkjegarden har mange namn på same steinen?**

Her har den som har festeansvaret søkt kyrkjekontoret om symbolsk namneflytting. I § 5 i dei lokale gravferdsforskriftene står det noko om dette. Om du har festeansvar for fleire gravminner, kan dette vera ei aktuell ordning å gå inn på. Eit gravminne vil bli sletta automatisk når det er meir enn 75 år gamalt. Det må betalast festeavgift for gravminne som er eldre enn 25 år. Festeavgifta er stigande heilt til gravminnet er 75 år. Det kan såleis vera ei økonomisk utfordring om ein har mange gravminner ein har ansvar for.

Det er altså mogeleg å samla namna på dei ein har festeansvar for på eitt gravminne og ikkje fordelt på mange andre. Reint økonomisk betalar ein då festeavgift for det eine gravminnet der alle namna vert oppført. Festeavgifta for dette gravminnet vil ta utgangspunkt i tidspunktet for siste gravferd der det felles gravminnet står.
Det er ein fordel for alle partar at det eksisterer ei slik ordning. Den som har festeansvar vil få mindre å betala for. Gravferdsforvaltninga får meir plass til disposisjon, sidan dei gravminna som avgir namn til det som vert eit felles gravminne, vert sletta. Gravferdsforvaltninga tar ansvaret for at gamle gravminner vert sletta, utan kostnad for festar.
Ivar Bergsvik har gitt meg lov til å bruka eit bilete av deira familie sitt felles gravminne, som eit døme på kva dette dreiar seg om.
Ta kontakt med kyrkjeverja om du har spørsmål eller om du ønskjer å søkja om symbolsk namneflytting.


## TREDREIING FOR VAKSNE

12 t. Helg.
9-11. mars 2018

## SENIORSLØYD

Start. 14. mars 2018

Info./ påmelding
91379306
Mathias Sætre



## Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking, rensing og oppatmaling.

Gunnar Nilsen
414 39 887



**PÅ SENIORSENTERET ER DET:**

**Herre trim kvar mandag kl 11**
**Dame trim kvar tirsdag kl 11**
Fysioterapeut med anna kvar gong.

***MØT OPP.***



AUSTRHEIM
kyst- og sogelag

## ÅRSMØTE

Austrheim kyst og sogelag har årsmøte
onsdag 14. mars 2018
kl. 19.00

i Austrheim kyrkjelydshus
Vanlege årsmøtesaker

Vel møtt til gamle og nye medlemar!

## TEMAMØTE

Etter årsmøtet vert det

**temamøte kl 20.00:**

Austrheim kai før i tida
– møteplass, handel og næring.

Enkel servering

Alle er velkomne! Styret

# BASAR
# ÅRÅS BEDEHUS

**FREDAG 16. MARS KL 17:30**
**ÅRESAL, BARNELOTTERI, AMERIKANSK AUKSJON**

Mat og kaffi.
Inntekta går til Nordhordland Indremisjon
som m.a driv leirstaden Raknestunet.

Dersom du vil støtte med ein gevinst
kan den leverast inn på bedehuset
kl.18 kvelden før.

Velkomen til ei kjekk stund på bedehuset!

# ÅRÅS BEDEHUS

| | | |
|---|---|---|
| Tirsdag 6. mars | 19:00, | Bibeltime v/Helge Keilegavlen |
| Mandag 12. mars | 19:00, | Årsmøte |
| Fredag 16. mars | 17:30 | Basar, sjå separat annonse |
| Torsdag 22.mars | 19:00 | Temamøte v/ Tor-Ingvald Lauvrak -Tema: Å dele Jesus i kvardagen |
| Søndag 25. mars | 11:00, | Formiddagsmøte, Asle Hetlebakke talar. Nattverd. |
| Tirsdag 03. april, | 19:00 | Bønnekveld |
| Søndag 08. april, | 11:00 | Formiddagsmøte, Sigrid Romarheim Eida talar. |
| Tirsdag 17. april, | 19:00 | Bønnekveld |
| Søndag 22. april | 11:00, | Formiddagsmøte, Odd Sverre Hove talar. |

Velkommen til samlingane!    www.austrheimindremisjon.no



# Flyktningen som ble hjelpearbeider

– Vann er selve livet, sier Innocent Nigindu. Han flyktet med familien fra en blodig konflikt i Kongo. Nå er han en stor ressurs for Kirkens Nødhjelps arbeid i flyktningleiren der han endte opp. – Uten vann finnes ikke noe. Vi trenger det til å vaske oss, lage mat og drikke, så den jobben jeg gjør her er jeg virkelig stolt over, smiler Innocent. Navnet hans betyr «uskyldig», men det er ingen uskyld å finne i flukthistorien hans.



***Fast rutine: I en krok i flyktningleiren står teltet der Innocent Nigindu sover. Han avslutter alltid dagen med å lese 15 minutter i Bibelen, og be en bønn til Gud. Troa ble sterkere etter flukten, forteller Innocent, fordi Gud hjalp han og familien bort fra krigen i live.***

Først måtte han flykte da soldater kom til byen der han jobbet. 85 prosent av de som var i byen ble drept, hevder Innocent.  Han flyktet mot byen der han og familien bodde, men etter to dager kom soldatene også dit. Det skulle vise seg at den beste løsningen var å flykte til nabolandet Angola, litt lengre sør i Afrika.
Koordinator i flyktningleiren. Til slutt havnet han og familien i flyktningleiren Kakanda der Innocent etter hvert fikk seg jobb som koordinator for Kirkens
Nødhjelp. Nå passer han på at vannet alltid er rent, at søppelet blir tømt og at toalettene blir vasket. – Jeg får brukt evnene og erfaringen min til å hjelpe, og det er flott å kunne støtte Kirkens Nødhjelp. Jeg er kristen, og for meg er det viktig å kunne hjelpe andre med de evnene og midlene jeg har for hånden, sier Innocent. Han får en liten lønn for jobben han gjør, men mye av drivkraften er lysten på å gjøre noe godt for andre. Han vet bedre enn de fleste hvor viktig rent vann er, for under flukten var det ofte at han ikke kunne drikke. Og som mange andre i leiren har han vært syk fordi han har drukket urent vann.
Innocent er en av mange som hver dag jobber for Kirkens Nødhjelp. I landsbyer, byer, flyktningleirer og kriseområder i en rekke land rundt om i verden jobber Kirkens Nødhjelp for å sikre tilgang til rent vann, trygge toaletter, energi og mye annet. For at maskineriet skal fungere trenger man helter som Innocent.
Avhengig av hjelp for å hjelpe
Men for at maskineriet skal fungere trengs det også hjelp fra norske frivillige. Folk som ikke er på flukt, men som i likhet med Innocent har et engasjement og kompetanse til å gjøre en forskjell. Hvert år er tusenvis av slike frivillige med på å samle inn penger til Kirkens Nødhjelps arbeid gjennom Fasteaksjonen.
Og det er nettopp disse pengene som gjorde det mulig å starte opp arbeidet i Nord-Angola, raskt og effektivt. For Innocent og over tusen andre flyktninger i leiren har det vært livsviktig hjelp.
Også i år skal frivillige over hele Norge være med på å samle inn penger til brønnboring, l atrinebygging og andre tiltak som redder liv rundt om i verden. Også du kan bidra når Austrheim skal gjennomføre årets aksjon, enten ved å være bøssebærer eller å støtte aksjonen.



***Stort smil: Innocent Nigindu elsker jobben sin i flyktningleiren i Dundo i Angola. Han er selv flyktning fra Kongo, og setter pris på å kunne jobbe for Kirkens Nødhjelp med å hjelpe andre som har flyktet fra samme konflikt.***




**DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !**

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller

**SKARSVÅG Rør og Interiør as**

MINI FRISØRSALONG

ønsker velkommen
til gamle og nye kunder.
Vi treffes på Åråshøgda 19.

Timebestilling: mandag - fredag
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

*Alla Kurinna og Rieko*

MNTF

***Tannlege***
***Otto Førde***
***i Mongstadkrysset***

***Jeg tar imot nye pasienter***
***og yter akutt hjelp.***

***Telefon vakt 56 16 98 35***

**Per Kenneth Bø**
BYGGMESTER

## Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN
**Mob. 481 31 534**
**byggboe@online.no**

Vatne Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

**Ring døgnvakt:**
**56 35 09 10**
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø

## Gravminner

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

## BASSENGET PÅ KALAND:

**OPNINGSTIDER:**

| | | |
|---|---|---|
| Måndag | kl. 17-18 | Familie/born |
| | kl. 18-19 | (foreldre med små born vert prioritert |
| | kl.19-20 | Pensjonistar |
| | k. 20-21 | Vaksne |
| Fredag | kl. 17-21 | for alle |

Bassenge føl skuleruta og er stengd i skuleferiar.



Billettprisar: Vaksne kr. 40,-
Born under 16 år kr 20,-

## BIBLIOTEKET - OPNINGSTID

### HOVUDBIBLIOTEKET:

**Måndag og onsdag** **kl. 14.00 -19.00**
**Tysdag og fredag** **kl. 10.00 -15.00**
**Tlf.nr. 56 16 20 07**

E-post: biblioteket@austrheim.kommune.no

### FONNES FILIAL:

**Torsdag kl. 14.00 -19.00**
**Tlf.nr. 56 16 83 11**




E-post:
fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no

## ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

| | |
|---|---|
| 1/1 side + bakside | kr. 1.000,- |
| 3/4 – 2/3 side | kr. 750,- |
| 1/2 side | kr. 500,- |
| 1/3 side | kr. 350,- |
| 1/4 side | kr. 250,- |
| Små annonser | kr. 150,- |

Korte takkeannonsar er gratis.

## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgeret.
**Legevakt 116117**

**Austrheim legekontor**
Tlf. 56 16 82 00
Opningstider for publikum:
**Kl.08.30 - 15.00.**
**Telefontid: 08.30 - 12.00 og 13.00 - 15.00.**

**INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!**

**Årås helsestasjonen**
**Åpningstider for publikum:**
**kl 08.30- 15.00**
**Helsesøster** tlf. 56 16 82 11
**Jordmor:**
tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)
**Psykisk helse:** tlf. 56 16 82 13

### NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

**Nordliheimen :** 56 16 20 40

**Nordliheimen/kjøkken:** 56 16 20 49

**Vestlia:** 56 16 20 55

**Heimesjukepleien:** 56 16 21 23
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)






# Impuls 2018 - ID

Impuls eksisterer for å oppmuntre og utfordre unge mennesker til å elske Jesus og være kirka. Impuls er da et kristent arrangement som er i Stavanger og Trondheim kvart år om vinteren. Impuls har fokus på å spre Guds budskap, og har eit veldig stort fokus på at nye skal komme til tro på Jesus. 26-28 Januar i år reiste ein gjeng frå Fedje og ein gjeng frå Austrheim og Framnes på Impuls, saman med Per Børge. Til neste år håper vi enda fleire blir med. På sjølve impuls samlast det fleire tusen ungdommar som er kome saman for å høyre om ein person, Jesus. Eigne erfaringar med Impuls er at det er noko som verkeleg gjer noko med deg, og man får ein oppleving man vil huske heile livet ut. I år var fokuset ID og svært mange i dag slit med å sjå at ein sjølv er elska så høgt at sjølvaste Gud gav sin egen son for oss. Mange prøver i dag å skaffe seg ein fake ID for å kunne passe i samfunnet, men Impuls står for at kvar enkelperson er unik.



På Impuls møter du også mange kule folk, og berre det er verdt å ta turen for. Man kan til og med finne venner for livet.

***- Johannes Skoge***



Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

• Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også
• Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no



KILSTRAUMEN
BRYGGE

Vi kan tilby overnatting i rorbuer, hytter, leiligheter og rom på vertshuset. Restaurantane våre, Salongen og Naustet er godt eigna for søndagsmiddag, familiesamankomster, konfirmasjon, bryllaup og andre store begivenheter som skal feirast.

Utleige av båtar og syklar
Vi tilbyr også catering og overtidsmat.

***Kilstraumen Brygge***
***post@opplevaustrheim.no***
***Mob. 948 53 975***

**For bestilling: mob. 94853975Sjekk og heimesida www.kilstraumen.com og føl oss gjerne på Facebook.**



# LERVÅG BEDEHUS

Menigheten Betania Lervåg

**Søndag 4. mars** kl 11:00 **Møte:** Geir Talberg

**Søndag 18. mars** kl 11:00 **Møte:** Linda Nærøy *Søndagsskole*

**Skjærtorsdag 29.mars** kl 11:00 **Møte:** Frelsesarmèen fra Bergen

**1.april** kl 11:00 **Påskedagsmøte:** Geir Talberg

---

## Leie av Bowlingen

Leie av Bowling-kjelleren til bursdagsselskap! 2 timer

Kr 100,- pr barn
Maks 20 barn
Minstepris kr 1000,-

Kontakt
Geir Talberg: 98416529



## Ungdomskvelder

Fredag 2.mars kl 19:30

Fredag 16.mars kl 19:30

fra 7.klasse

## Bønnesamlinger

Onsdag 28.2. kl 19:00

Onsdag 7.3. kl 19:00

Onsdag 21.3. kl 19:00

# SJÅ VI GÅR OPP TIL JERUSALEM

## Eit møte med påskebodskapen i bilete, tonar og ord.



## Austrheim kyrkje
## PALMESØNDAG
## 25.mars kl.19.30

**Musikk:**
**Hermund Rebnord**
**Sanginnslag:**
**Rigmor Ludvigsen og Janne Berger**
**VELKOMEN!**



# Grøfteprosjektet på Austrheim gravplass

Fleire har sikkert fått med seg at kyrkjegardsarbeidarane våre er i full gang med overflatedrenering på gravplassen på Austrheim. Grunnen til at dette prosjektet er sett i gang, er at vi gjennom mange år har vore plaga av overflatevatn og blaute parti på delar av gravplassen. Dette prøver vi å bøta på no, med å drenera øvste jordlaget på utvalde parti av den nyaste delen av gravplassen. Vatnet vert leia vidare ned i eksisterande samlekummar. Vi har von om at dette vil betra forholda på gravplassen. Vi prioriterer i denne omgang dei nyaste felta, der det endå ikkje er sett ned kister. Til slutt vil vi konsentrera oss om felt 8, som består av doble graver. Planen er då å drenera tett inntil gravminnene. Dermed vil bedda i forkant av gravminnene bli gravd opp. Vi ønskjer å gjera dette så fort og skånsomt som mogeleg. Alle dei aktuelle festarane vil få brev i forkant om kor tid dette arbeidet vert sett i gang, slik at ein kan vera best mogeleg førebudd. Dei siste par vekene har vi vore heldige med været. Eit tynt frostlag, utan tele i jorda, har gjort sitt til at arbeidet har hatt god progresjon og det er lite merker igjen etter minidumparen som er i aktiv bruk i dette arbeidet. Dette er eit arbeid som er svært væravhengig, så difor er det vanskeleg å leggja ein tidsplan for kor tid vi er





*Karane er svært nøgde med maskina (minidumparen). Dessutan har det dei kjekt på jobb: Dei leikar at dei er på ein stor anleggsplass: Stein Olaf kan ikkje køyra av gårde med eit lass med jord, før Willy – som set i minigravaren – har gitt ein støyt i fløyta. Krydder i kvardagen.*